

Stormfull vals

Kaizers Orchestra

Ute blåser vinden kaldt på mitt kinn
Eg slepper han ikkje inn
Eg roper til han at forsvinn nå du vind

Det gamle treet vaier som om det sko ha drukke
brennevin
Snart blir det ved i min kamin
Eg tar fram sagå mi og sage det eg greier

For ingen danser vals som gamle Egil Ei

Månen henger lågt og han
speiler seg i ett glass med vann
Ikkje diskutér med han
Han er så overflatisk at det er synd om han

Eg truer han med neven og med en
masseord eg trur han ikkje kan
Den mannen er ikkje sann
Eg lurar på koss han kan sviva i sånn tilstand

Eg kan notera meg for nok en stormfull kveld
Både for véret og mitt eget vedkommande
For gulvet har blitt min kavalér
Me danser stormfull vals
og eg er trofast til din hals

Huset mitt står skjeivt
Horisonten er ikkje der han en gong var
Akkurat som eg sa
Det heile bikker litt mot venstre
Eg vett ikkje kort det skal

Ikkje ring til ambulansen
om eg sko detta ner ei litå trapp
Så snart eg får sjangsen
så skal eg ta ett tak og gjenvinne balansen

Men fysst må eg he meg en liten en i min venstre fot
Ellers så blir det bare rot
Og har du lyst til å ta en skål
så setter eg ikkje meg i mot

Og vinden herjer fortsatt.
Han er forbaska i kveld
Og regnet kom i strie strømmer
Og eg sitter her og prøver å glømma